



## STORTINGET

# Innst. 133 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget  
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 17 S (2023–2024)

---

### **Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet**

---

Til Stortinget

## Sammendrag

I denne proposisjonen foreslår regjeringa naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2023. Det er til saman identifisert om lag 2 mrd. kroner i auka utgifter i forsvarssektoren. Om lag 1,8 mrd. kroner av desse utgiftene er knytt til auka pensjonspremie samt drivstoff- og valutaprisar. Regjeringa foreslår ein eingangssauke i den generelle driftsløvinga til Forsvaret på 900 mill. kroner for å oppretthalde forsvarsevna og ambisjonane i inneverande langtidsplan. Samstundes foreslår regjeringa ei auke på om lag 213 mill. kroner knytte til utbetalingar til NATO, valutajustering i store materiellprosjekt, Forsvarets bistand til Utenriksdepartementet, og utbetingar etter uveret Hans. Regjeringa foreslår òg tekniske endringar og overføringer til og frå andre departement. Andre auka utgifter i forsvarssektoren vert foreslått dekka gjennom omprioritering frå investering til drift.

Samstundes iverksett Forsvaret tiltak med låg operativ konsekvens for å bidra til å handtere delar av utgiftene, derunder mindre reduksjonar i gjenståande aktivitetar i 2023 for Forsvarets sanitet, Hæren, Sjøforsvaret og Kystvakta. Mindreutgifter og ikkje budsjetterte meirinntekter utan ein motsvarande utgiftsside er foreslått

nytta til å balansera sektoren sine utgifter. Sjå omtale under dei einskilde budsjettkapitla.

Reduksjonar på investeringsbudsjettet i det omfanget som er naudsynt for å dekkja utgiftene vil kunne handterast innanfor forsvarsbudsjettet i 2023. På middels og lengre sikt kan reduksjonen få konsekvensar for evna til gjere nye investeringar og møta behov for endringar i eksisterande prosjekt.

Gjennom behandlinga av Innst. 7 S (2022–2023) til Prop. 1 S (2022–2023) løyva Stortinget 1 mrd. kroner til militær støtte til Ukraina. Gjennom behandlinga av Innst. 218 S (2022–2023) til Prop. 44 S (2022–2023) og etableringa av Nansen-programmet for Ukraina vart ramma for militær støtte til Ukraina auka med 7,5 mrd. kroner. Regjeringa har seinare beslutta å utvide ramma i Nansen-programmet med ytterlegare 2,5 mrd. kroner i 2023, mot ein motsvarande reduksjon i seinare år. Dette for å leggja til rette for naudsynt støtte i 2023, slik det vart omtalt i Prop. 1 S (2023–2024). Nansen-programmet har verketid frå 2023 til 2027, og har ei samla økonomisk ramme på 75 mrd. kroner til både sivil og militær innsats.

Grunnlaget for omgrupperinga er saldert budsjett for 2023, midlar overførte frå 2022 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2023. Totalt utgjer omgrupperinga for 2023 ein foreslått auke i løvinga til utgifter for Forsvarsdepartementet på 861,168 mill. kroner og ein foreslått auke i inntektsramma på 194,219 mill. kroner.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Steinar Krogstad og Trine Lise Sundnes, fra Høyre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schie Schou, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Senterpartiet, Marit Arnstad, Bengt Fasteraune og Ola Borten Moe, fra Fremskrittspartiet, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde, fra Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, fra Rødt, Stine Westrum, fra Venstre, Guri Melby, og fra Kristelig Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, viser til Prop. 18 S (2023–2024) Endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet. Komiteen registererer at regjeringen i proposisjonen foreslår endringer i forsvarsbudsjettet knyttet til Forsvarets driftsbevilgning, utbetalinger til NATO, valutajusteringer i materiellprosjekt, Forsvarets bistand til Utenriksdepartementet og utbedringer etter uværet «Hans». Komiteen registererer videre at det forslås at andre økte utgifter i forsvarssektoren dekkes gjennom omprioritering fra investering til drift.

Komiteen viser til proposisjonen for en mer utfylende beskrivelse av de ulike foreslatté endringene, men vil trekke fram at blant de større endringene er en netto reduksjon på kapittel 1700 post 79 Militær støtte til Ukraina med 1 026,538 mill. kroner; en netto økning på kapittel 1720 post 1 på 2 364,002 mill. kroner – herunder en økning på 738,518 mill. kroner til militær støtte til Ukraina; økning på 704,810 mill. kroner til økte utgifter som følge av valutaendringer; 622,506 mill. kroner knyttet til økte pensjonsutgifter; og 440,008 mill. kroner som følge av økte priser på drivstoff.

Komiteen merker seg at det foreligger tre nye materiellprosjekt for godkjenning, herunder Prosjekt 1081 Future Naval Strike Missile med anbefalt total kostnadsramme for innledende designfase på 1 075 mill. kroner, Prosjekt 1146 Gjenanskaffelse av donerte hovedkomponenter til NASAMS med total anbefalt kostnadsramme på 2 317 mill. kroner og Prosjekt 7821 Erstatning missiler til bakkebasert luftvern med anbefalt kostnadsramme totalt sett på 9 448 mill. kroner.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Venstre, viser til proposisjonens kapittel 5 og 6, der regjeringen redegjør for bestillings- og investeringsfullmakter. Flertallet viser til at det foreslås en betydelig økning i bestillingsfullmakter, blant annet en økning på 6 mrd. kroner på kap. 1760, post 45. Flertallet viser videre til at regjeringen ber om Stortingets godkjenning av en rekke materiellprosjekter, herunder utvikling av Future Naval Strike

Missile, gjenanskaffelse av donerte hovedkomponenter til NASAMS, erstatning av missiler til bakkebasert luftvern, samt omfangsendring av anskaffelsene av landbasert transportstøtte, ingeniørpanservogner og kampluftvern. Flertallet merker seg at de nevnte materiellprosjektene har en samlet kostnadsramme på nesten 20 mrd. kroner. Det er flertallets oppfatning at samtlige av disse materiellprosjektene er viktige for Norges forsvarsevne, og flertallet støtter derfor regjeringens forslag.

Flertallet mener likevel at Stortinget har fått svært lite informasjon om de nevnte anskaffelsene, da de kun redegjøres for over om lag to sider i proposisjonen. Flertallet mener videre at nysalderingen ikke er en egnet fremgangsmåte for å be om Stortingets godkjenning av investeringsprosjekter som samlet beløper seg til flere titalls milliarder kroner. Flertallet mener disse prosjektene, samtlige av stor betydning for Norges forsvarsevne, burde vært redegjort grundigere for og fremmet i en egen proposisjon til Stortinget. Flertallet mener regjeringen tar betydelig risiko når såpass omfattende prosjekter kun redegjøres for svært kort og overfladisk, og i såpass liten grad informerer Stortinget. Flertallet understreker at regjeringen under disse forutsetningene bærer et desto større ansvar for at prosjektene gjennomføres som forutsatt.

Flertallet legger videre til grunn at det er gjort faglige vurderinger av at denne fremgangsmåten ikke vil påvirke den operative evnen negativt eller ha andre negative, utilsiktede konsekvenser.

Komiteens medlem fra Venstre støtter i prinsippet gjenanskaffelse av luftvern, og mener det er viktig at luftvern prioriteres i utviklingen av Forsvaret. Det vises blant annet til Forsvarssjefens fagmilitære råd for 2023 der det på side 71 skrives at

«Våpenutviklingen gjør det mulig å ramme mål i hele Norge med kryssermissiler, ballistiske missiler og ubemannede luftsystemer, noe som er tydelig demonstrert i flere konflikter de siste årene»

og

«Forsvaret mangler tilstrekkelig luftvern til å beskytte militære mål og sivile samfunnsfunksjoner samtidig. I tillegg mangler Forsvaret evne til å beskytte mot ballistiske missiler i sin helhet. Muligheten til å beskytte mot mindre, ubemannede systemer og droner er marginal».

Dette medlem savner imidlertid en helhetlig plan for et troverdig og fullverdig luftvern, som inkluderer MANPAD-systemer, avdelingsluftvern, NASAMS-systemer og langtrekkende bakkebasert luftvern med evne til å stoppe taktiske ballistiske missiler.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2023 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	8 500 000
		frå kr 705 060 000 til kr 713 560 000	
	22	IKT-verksemd, <i>kan overførast</i> , vert redusert med....	141 600 000
		frå kr 654 964 000 til kr 513 364 000	
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	2 000 000
		frå kr 4 179 000 til kr 2 179 000	
	53	Risikokapital, NATOs innovasjonsfond vert auka med	1 369 000
		frå kr 13 300 000 til kr 14 669 000	
	71	Overføringer til andre, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	2 000 000
		frå kr 83 966 000 til kr 81 966 000	
	78	Noregs tilskott til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ...	23 173 000
		frå kr 674 523 000 til kr 651 350 000	
	79	Militær støtte til Ukraina, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1710, post 1 og 47, kap. 1720, post 1 og kap. 1760, post 1 og 45</i> , vert redusert med	1 026 538 000
		frå kr 3 072 816 000 til kr 2 046 278 000	
	90	Kapitalinnskot, NATOs innovasjonsfond, vert auka med	2 563 000
		frå kr 24 680 000 til kr 27 243 000	
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	24 615 000
		frå kr 6 116 620 000 til kr 6 141 235 000	
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , vert auka med .	134 650 000
		frå kr 4 012 512 000 til kr 4 147 162 000	
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt, vert auka med	24 600 000
		frå kr 266 254 000 til kr 290 854 000	
1720		Forsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert auka med .....	2 364 002 000
		frå kr 37 860 970 000 til kr 40 224 972 000	
	71	Overføringer til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med	400 000
		frå kr 41 183 000 til kr 41 583 000	
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med	90 470 000
		frå kr 2 318 456 000 til kr 2 408 926 000	
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med.....	55 300 000
		frå kr 152 328 000 til kr 97 028 000	

Kap.	Post Føremål	Kroner
	45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, vert redusert med</i> ..... frå kr 22 791 761 000 til kr 22 407 201 000	384 560 000
	48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast, vert redusert med</i> ..... frå kr 470 000 000 til kr 206 700 000	263 300 000
	75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44, vert auka med</i> ..... frå kr 125 840 000 til kr 192 953 000	67 113 000
1791	Redningshelikoptertenesta 1 Driftsutgifter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 746 778 000 til kr 788 135 000	41 357 000
	<b>Inntekter</b>	
4700	Forsvarsdepartementet	
	2 IKT-verksemd, inntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 95 920 000 til kr 120 920 000	25 000 000
4710	Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg 1 Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 4 847 779 000 til kr 4 876 769 000	28 990 000
	47 Sal av eigedom, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 634 000 000 til kr 648 000 000	14 000 000
4760	Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 470 000 000 til kr 543 600 000	73 600 000
4791	Redninghelikoptertenesta 1 Driftsinntekter, <i>vert auka med</i> ..... frå kr 637 301 000 til kr 689 930 000	52 629 000

## II

*Bestillingsfullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2023 kan foreta bestillingar ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post Nemning	Samla ramme
1720	Forsvaret	
	1 Driftsutgifter	9 690 mill. kroner
1760	Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald	109 820 mill. kroner

## III

*Investeringsfullmakter*

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2023 kan:

- Starte opp følgjande nye investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 1081 Future Naval Strike Missile	1 075 mill. kroner
Prosjekt 1146 Gjenanskaffelse av donerte hovedkomponentar til NASAMS	2 317 mill. kroner
Prosjekt 7821 Erstatning missiler til bakkebasert luftvern	9 448 mill. kroner

og endra omfang og kostnadsramme for følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 2559 Landbasert transportstøtte	2 388 mill. kroner
Prosjekt 5049 Ingeniørpanservogn	2 762 mill. kroner
Prosjekt 7628 Kampluftvern	1 933 mill. kroner

2. Forsvarsdepartementet får fullmakt til å justera kostnadsrammene i takt med prisstigninga og som følgje av endringar i valutakursane i seinare år.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 11. desember 2023

**Ine Eriksen Søreide**

leder

**Guri Melby**

ordfører





